

Sivilombodet



*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Molde, 2. mars. 2023

## Utlegging av lekter/flytebryggje ved Svenøya i Hustadvika kommune – klage på rammetillatelse

Vi viser til rammetillatelse gitt av Hustadvika kommune den 24.03.2022 for utlegging av lekter/flytebryggje med gapahuk ved Svenøya i Hustadvika kommune. Vidare viser vi til Statsforvalteren i Møre og Romsdal sin stadfesting av denne tillatelsen av 29.09.2022.

**Forum for Natur og Friluftsliv synes det er viktig å syte for at tilrettelegging for friluftsliv blir berekraftig og ikkje går på unødig bekostning av natur. Slik vi les dette rammeløvet tyder mykje på at utlegginga av lekteren på denne staden ikkje er berekraftig for naturen i form av hekkande sjøfugl og friluftslivsinteressene. Vidare meiner vi at denne søknaden om utlegging av lekter skulle vere behandla som ein dispensasjon frå gjeldande lov og kommuneplan slik at ålmenta fekk moglegheit til medverknad og påverke prosessen.**

Slik vi har forstått vedtak frå Statsforvalteren i Møre og Romsdal av 29.09.2022 er vedtaket om utlegging av lekter ved Svenøya endeleg og kan ikkje klagast på. På dette grunnlag sender vi saken over til Sivilombodet for å vurdere saka og vil begrunne det med følgjande:

Frenfjorden med sine holmar er i dag eit større samanhengande naturområdet med småe inngrep, meir som ei marin bymark for tettstaden Elnesvågen og omeng. Her kan ein oppleve natur og naturleg sjølandskap rimeleg fritt for støy i le for storhavet utom. Desse verdiane er

lite tent med store planar for utbygging som vil byggje ned natur – vi har jo etterkvart innsett at vi også har naturkrise i tillegg til klimakrise. Forum for Natur og Friluftsliv ser det positive for folkehelsa ved å tilretteleggje for friluftsliv. Samstundes har vi ofte for at når vi tilrettelegg for friluftsliv så vil vi ikkje at dette går på bekostning av natur. Det er nett difor vi ofte ser at dei enkle tilretteleggingane for friluftsliv er betre enn dei tyngre. Vi har erfaringar med lange flytebyggjer med kapasitet til mange båter i våre farvatn. Ei slik tradisjonell flytebyggje er festa til land med den moglegheita det er for folk då å gå i land. Vi har leita i sakspapira til denne søknaden for å finne ut korleis lekteren er bygd utan å ha funnet anna enn at måla på lekteren er i storleik 20x20 meter (400 m<sup>2</sup>) og at den skal liggje utom marbakken forankra berre i sjøbotn. Slike lektarar har vi ingen erfaring med i vår region. Vi les at lekteren er tenkt open for alle. Men diverre fryktar vi at dette fort blir ein lukka sak for dei få og kan fort bli ein festplass. Dette då det manglar landgang frå lekteren og offentleg styring (kommune/friluftsråd) for bruken av innstallasjonen.

Slik vi har forstått dette kan lekteren fort vere satt saman av restar frå ei småbåthamnlegg som skulle vere sendt på avfallsmottak. Vi har diverre også erfaring med at slike anlegg fort kan bli eit forureiningsproblem ved at det driv i land og dei utfordringar det medfører (sjå dykkar sak 2022/3361).

Slik vi les naturmangfoldslova og intensjonane til denne skal offentlege beslutningar vere basert på kunnskap. I denne saka har kommune og statsforvaltar teke ei beslutning på manglande kunnskapsgrunnlag. Det held ikkje å ta ei beslutning berre ut frå tilgjengelege offentleg databaser når veit desse er utdaterte. Her har ein slik vi har forstått det, fått oppdatere opplysningar frå fagfolket (Birdlife Norge) utan at dei offentlege etatane har vurdert dette materialet når ein har kome til sin beslutning. Å vise til ei befarung i slutten av august som ein del av beslutninga slik statsforvalteren gjer, er jo å avsløre uvitenheita om sjøfuglhekking generelt og makrellterna spesielt.

Og kor er vurderinga av alternative plasseringar for denne lekteren ? Vi veit at det har vore etablert eit friluftslivsanlegg i form av flytebyggjer, gapahuk etc i Grisvågleira rett nord for Svenøya tidlegare som no er lagt ned (?). Det er også opplyst i dei papira vi har fått innsyn i, at kommunen har vore tilbydt av grunneigarane holmen Nordøya til tilrettelegging for friluftsliv ved statleg kjøp. Vi saknar kunnskapen og avveginga om plasseringa av lekteren ved Svenøya er den rette plassen for ein slik tilrettelegging – er det ingen alternative stader for plassering ?

Basert på ei totalvurdering av sak i høve til naturmangfoldet meiner vi at kommunen (og statsforvalter) ikkje har gjort ei tilstrekkeleg vurdering av naturmangfoldet i sitt vedtak.

Vi liker overordna planar og opne demokratiske prosessar slik at dei tiltaka som er ønska og som tåles i norsk natur blir rett plassert. I Hustadvika kommune er det ein arealplan som seier noko om holmane i Frenfjorden. Dessutan har kommunen på gong ein rullering av



gjeldande arealplan samt har meldt oppstart på sjøsoneplana si. Vi hadde ønska at kommunen tok opp ein plassering av eit slik friluftslivsanlegg som denne omsøkte i ein slik samanheng framfor å køyre den fram som ein enkeltsak. Når det er sagt meiner vi at om ein vil køyre denne saka som ein enkeltsak, må prosessen med utlegginga av denne lekteren følgje vanleg prosedyre knytt til lovverket i den utsatte strandlina (dvs plan- og bygningslova). Slik den no framstår verkar det til å vere ei hastesak som er planlagt utom marbakken med rammeløyve for å unngå ein saksprosess som ein vanleg sak i strandsona må gjennom. Vi meiner bestemt at denne søknaden om tillatelse til å leggje ut ein lekter i strandlina ville fått eit helt anna utfall hadde den vore saksbehandla som den skulle ved ein dispensasjon frå gjeldande lover og plan.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Hustadvika kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal